

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 18.01.2010
Sakhandsamar: **Jan Erik Lorentzen**
Saka gjeld: **Budsjett 2010 for Helse Vest RHF - administrasjonen**

Arkivsak
2009/96/
Styresak 007/10 B

Styremøte 03.02. 2010

Forslag til vedtak

1. Styret vedtar budsjett 2010 for administrasjonen til Helse Vest RHF.
2. Det blir oppretta 2 nye stillingar i RHF-et knytta til innkjøpsområdet.

Oppsummering

Administrasjonsbudsjettet videreføres på 2009 nivå med ein justering for to nye årsverk innan regionalt innkjøpsarbeid.

Fakta

Styret i Helse Vest vedtok under styresak 108/09 Inntektsfordeling 2010, inntektsramma for helseføretaka. Det vart i denne saka lagt fram ei kostnadsramme for administrasjonen på kr 96,6 mill inkl. løns- og rekneskapsenteret (LRS).

Kommentar

Administrerende direktør tilrår følgjande budsjetttramme for 2010:

Administrasjon	Beløp
Overført fra kjøp av helsetjenester i 2009	96 639
Deflator 3,1 %	2 996
Budsjettgrunnlag 2010	99 635
2 nye årsverk Innkjøp	1 722
Overført fra kjøp av helsetjenester i 2010	101 357

Lønn og personalkostnader

Helse Vest hadde ved utgangen av 2009 ei stillingsramme på 44 årsverk. I 5 av desse stillingane er det ikkje tilsett medarbeidarar per i dag: Dette gjeld innan områda internrevisjon (2), analyse (1), stilling etter viseadministrerende direktør (1) samt ein stilling som ikkje er fordelt enno (1).

Tilsetting i internrevisjonstillingane er vi i prosess med no. Førabels blir det innleigd hjelp frå Delloite for å ivareta internrevisjonsoppgåvene.

Innan analysefunksjonen blir det starta eit forprosjekt no. Tilsetting i stilling på dette området vil truleg bli medio 2010.

Når det gjeld dei to siste stillingane vurderer administrerende direktør situasjonen fortløpande, basert på behov i administrasjonen eller behov for særskilt satsing på oppgaver.

I tillegg er det ein del personar som er innleigd knytt opp til arbeidsoppgåver/prosjekt.

Avdeling	Årsverk
Kommunikasjonsavdeling	4
Fagavdeling	12,2
Sekretariat	4
Økonomi- og finansavdeling	9,8
Personal- og organisasjonsavdeling	2
Eigaravdeling	7
Administrerende direktør	1
Internrevisor	2
Ufordelte stillinger (analyse + udedikert)	2
Sum stillingsramme	44

Basert på tilrådingane i rapporten "Innkjøpsprogrammet 2007-2010 Prosjekt organisering og produktområdeinndeling" og vedtak i programstyret for innkjøpsprogrammet tilrår administrerende direktør at det blir oppretta 2 nye stillingar i RHF-et for å styrke koordineringa av innkjøpsarbeidet i regionen.

Administrasjonen legg fram følgjande budsjettforslag:

Budsjett for administrasjonen	2010	2009	Endring i %
(3) Salgs- og driftsinntekter	101 357	95 358	6,3 %
(5) Lønnskostnad	-48 969	-43 418	12,8 %
(50 A) Lønn til tilsette	-31 982	-30 017	6,5 %
(50 B) Lønn til nye tilsette	-1 722	0	
(52) Fordel i arbeidsforhold	-5	-5	0,0 %
(53) Annen oppgavepliktig godtgjørelse	-1 974	-1 930	2,3 %
(54) Arbeidsgiveravgift og pensjonskostnad	-11 474	-9 995	14,8 %
(56) Kompetanse og rekruttering	-1 046	-1 148	-8,9 %
(58) Offentlige refusjoner vedrørende arbeidskraft		350	-100,0 %
(59) Annen personalkostnad	-765	-674	13,5 %
(6) Annen driftskostnad, av- og nedskrivning	-46 061	-43 340	6,3 %
(60) Av- og nedskrivning	-889	-802	10,8 %
(63) Kostnader lokaler inkl. energi og brensel	-4 112	-4 621	-11,0 %
(64) Leie mtu, maskinar, inventar o.l.	-416	-129	222,5 %
(65) Utstyr og driftsmaterialer som ikke skal aktiveres	-635	-776	-18,2 %
(66) Reparasjon, vedlikehold og service	-140	-136	2,9 %
(67) Eksterne tjenester	-34 813	-32 334	7,7 %
(68) Kontorkostnad, trykksak o.l.	-2 967	-2 727	8,8 %
(69) Telefon, porto o.l.	-2 089	-1 816	15,0 %
(7) Annen driftskostnad av-og nedskrivning , forsettel	-6 327	-6 075	4,1 %
(71) Kostnad og godtgj. for reise,diett, bil o.l.	-4 425	-4 235	4,5 %
(73) Salgs- og reklamekostnad	-1 640	-1 591	3,1 %
(74) Kontingent og gaver	-76	-64	18,8 %
(75) Forsikringspremie, garanti. og serv.kostn.	-32	-31	3,2 %
(77) Annen kostnad	-154	-154	0,0 %
RESULTAT	0	2 525	

Budsjettet for 2010 viser ein vekst på 6,3 %. Auka ut over 3,2 % kjem hovudsakeleg av dei to nye årsverka.

Eksterne tenester

Kostnader til prosjekter er på same nivå som i fjor, justert for ein lønns og prisvekst på 3,1 %. I tabellen nedanfor følgjer dei planlagde prosjekta i 2010:

PROSJEKTOVERSIKT 2010	
Økonomiavdelinga	Beløp
EQS - økonomihåndboka	500
Raskare og felles rekneskapsavslutningsprosedyre	800
Videreutvikling av ny rapporteringsløyising	500
Controllermetodikk	500
Nasjonal stab og støtte	7 000
Prehospitale tenester (inntektsmodell)	500
Eigaravdelinga	
Internkontrollprosjektet/Tiltaksområde 7.11	500
Miljø- og klimaprojektet	350
Fagavdelinga	
Ventelisteprojekt	3 000
Kreftkirurgi - volum og kvalitet	1 000
Svangerskaps-, fødsels- og barsel - plan	500
Naudnett: Andel nasjonalt HDO prosjekt. Forberedelse Helseregion Vest	200
Reserve	7 630
Til saman	22 980

Kort beskriving av dei største prosjekta:

Nasjonal stab og støtte

Prosjektet har ikkje ferdigstilt budsjett på nåverande tidspunkt. Med bakgrunn av dei føringane som førebels er gitt er det halde av kr 7 mill for å dekke Helse Vest sine forplikningar knytt til dette prosjektet. Det er ikkje tatt høgde for kjøp av nytt økonomi- og logistikkprogram. Dersom det vert aktuelt å ta avrop på dette vil det bli fremja eigen budsjettsak om dette.

Ventelisteprojektet

Helse Vest skal i samarbeid med eit konsulentfirma utarbeida ein modell / verktøy /hjelpemiddel for å analysa alle forhold som kan ha betydning for å forstå ventelistesituasjonen innan ulike einingar, eksempelvis kvar i pasientforløpet det trengs nye tiltak. Modellen vil bli utvikla og utprøvd på ein eingang men skal i neste omgang kunne nyttas av alle einingar i Helse Vest.

Kreftkirurgi – volum og kvalitet

Prosjektet er ei oppfølging frå oppdragsdokument 2009 der funksjonsdelinga innan kreftkirurgi skal vurderas i Helse Vest.

Reserve

Erfaringsvis dukkar det opp ad hoc prosjekt som må handterast fortløpande ut over i året. Det er derfor lagt inn ein reserve som skal dekke for denne uvissa. Denne posten er også meint å dekke eventuelle endringar av dei estimat som er laga for dei andre prosjekta.

Andre driftskostnader

Driftskostnadene er i hovudsak prisjustert med 3,1 %. I tillegg er det i nokre tilfeller omprioritert mellom postar i budsjettet i forhold til historisk forbruk i 2009.

Lønns- og regnskapssenteret

Lønns- og regnskapssenteret (LRS) har flytta til egne lokaler og budsjettet er i samband med dette justert med nye budsjettbehov. Kostnadsdelen er likevel omtrent kr 0,5 mill lågare enn i 2009 og skuldast i hovudsak at posten for kjøp av konsulenttenester er redusert. LRS har eit resultatkrav på kr 0,- i 2010 og inntektene er fordelt slik:

LRS FINANSIERING 2010	IKT	RHF	APO	Sum 2010
UTFAKTURERES/Budsjettforslag 2010	2 121	3 511	2 068	7 700

Alle tall i heile tusen

RHF administrasjonsbudsjettet finansierer kr 3,5 mill medan resten av ramma blir finansiert av Helse Vest IKT as og Apoteka Vest HF.